

Utviklingsplan



**Oracy, lesing,
konflikthandtering og
læring i friluft.**

Tu skule

2026/2027

Innhold

INNHALD	2
INNLEIING.....	2
OVERORDNA MÅL.....	3
SEKTORMÅL FOR GRUNNOPPLÆRINGA	3
OVERORDNA DEL AV LÆREPLANEN	3
UTVIKLINGSOMRÅDA 2025-2026	4
EVALUERING AV SKULEÅRET 2025-2026:	5
2026-2027: ORACY, LESING, KONFLIKTHANDTERING OG LÆRING I FRILUFT	6

Innleiing

Utviklingsplanen er ein del av kvalitetsutviklinga til skulen. Gjennom året gjennomfører me prosessar i personalet for å følgja opp om elevane våre når måla i læreplanen. I arbeidet blir det lagt til rette for at elevane skal vera medskapande, og at føresette er involvert.

Kartleggingar, undersøkingar og utviklingssamtalar med elevane gir eit godt grunnlag for kva me som skule må jobba med å forsterka, forbetra og utvikla. Evalueringar i personalet, elevrådet, FAU og samarbeidsutvalet i tillegg til resultat på kartleggingar og undersøkingar dannar grunnlag for kva me som skule vel å ha som utviklingsområde.

Utviklingsplanen seier noko om dei overordna målsettingane for alle skulane i Noreg.

Utviklingsområda til Tu skule frå førre skuleår vert presentert, og det er gjort ei kort utgreiing av kva som har kome fram i evalueringar undervegs. Vidare vert det gjort greie for kva vurderingar som er gjort for å koma fram til om det er behov for vidareføring av utviklingsområda, eller om det er behov for nye mål og tiltak. I siste del av planen blir mål, tiltak og evaluering presentert.

Overordna mål


Sektormål for grunnopplæringa

Dei nasjonale sektormåla er førande for kva skulane skal jobba for å oppnå:

- Alle har eit godt og inkluderande læringsmiljø.
- Barn og unge som har behov for det, får hjelp tidleg slik at alle får utvikla sitt potensial.
- Dei tilsette i kunnskapssektoren har høg kompetanse.
- Alle lukkast i opplæringa og utdanninga.

Overordna del av læreplanen

Overordna del av læreplanverket er grunnlaget for skulen sitt samfunnsoppdrag og er tufta på føremålsparagrafen i opplæringslova.



Figur 1: Overordna del – Formålet for opplæringa (Modell laga av Jærskulen 2022)

Utviklingsområda 2025-2026

Følgjande var utviklingsområde skuleåret 2025-2026: Oracy.

På neste side viser logisk kjede med mål, effekt, verknad, resultat og tiltak som er gjennomført skuleåret 2025-2026. Vurdering av utviklingsområda kjem i etterkant. Denne vurderinga er utgangspunkt for satsinga skuleåret 2026-2027.

Utviklingsområde 2025-2026: ORACY

Tiltak	Aktivitet	Resultat	Verknad	Effekt	Mål
--------	-----------	----------	---------	--------	-----

<i>Tiltak som skal bidra til nå målet.</i>	<i>Kva aktivitetar gjer me for å oppnå ønska resultat?</i>	<i>Konkrete og målbare</i>	<i>Fordelar som oppstår som følge av resultata</i>	<i>Langsiktige endringar for skulen/elevane</i>	<i>Kva er hovudmålet med tiltaka?</i>
Implementera lokal læreplan for Oracy. Elevane får opplæring og trening i ulike strategiar i munnlege ferdigheiter basert på rammeverket for Oracy.	Pedagogane knytter plan for Oracy saman med innhald i lokal læreplan. Pedagogane planlegg undervisning, observerer praksis og deler erfaringar knytta til munnlege ferdigheiter. Elevane trenar på å bruka fagkunnskap i samtale med andre. Pedagogane brukar kjerneelementa i faga som grunnlag for undervisning i samarbeidslæring. Elevane deltek i varierte samarbeidsoppgåver i alle fag. Føresette og skulen arbeidar etter felles forventingsdokument.	Betring av resultat på nasjonale prøvar. Elevundersøkinga viser auka motivasjon. Sjølvevalueringa til lærarane og leiarane viser bruk av plan for Oracy. Elevrådet melder om bruk av Oracy.	Elevane brukar ulike strategiar for å læra. Elevane brukar fagspråk, ser samanhengar og tenkjer kritisk i faglege samtalar med andre. Betre samarbeid mellom skule og heim.	Auka læringsutbytte.	Elevane på Tu skule brukar munnlege ferdigheiter til liv, læring og positiv samhandling. <i>Elevane på Tu skule brukar munnlege ferdigheiter til læring, utvikling av positiv samhandling og handtering av livet.</i>

Evaluering av skuleåret 2025-2026:

Pedagogane har gjort ein stor jobb med implementering av lokal læreplan for Oracy. Måla i planen er no lagt inn i alle dei lokale læreplanane til Tu skule. Mykje av utviklingstida til pedagogane har gått med til kompetanseheving innan Oracy gjennom formidling, drøfting og ikkje minst deling av gode døme. Alle trinn har planlagt undervisning med vekt på munnlege ferdigheiter. Lærarane har observert kvarandre i undervisning og drøfta innhald, organisering og måloppnåing. Hovudmålet med satsinga dette skuleåret har vore å få elevane til å snakka meir. Det er nytta mange ulike samarbeidsoppgåver og elevane har blant anna øvd på setningsstartarar og oppfølgingsspørsmål. Elevrådet melder at dei set pris på samarbeidsoppgåver og munnlege oppgåver. Det er ulik tilbakemelding frå trinn til trinn, og elevane melder derfor at me bør fortsetja med satsinga. Pedagogane melder jamt over ei god utvikling i høve til hovudmålet som var at elevane skulle snakka meir. Sjølvevalueringa viser at det er forskjell mellom pedagogane, men at skulen er på god veg. Fleirtalet av pedagogane meiner me må leggja meir vekt på å nytta fagspråk, sjå samanhengar og tenkja kritisk i samtalar framover.

Resultat på nasjonale prøvar viser ikkje forbetring på skulenivå. Skulen vel derfor å kombinera satsinga på Oracy med lesing. Me skal laga plan for byrjaropplæringa for å sikra god leseopplæring frå start. I tillegg vil me leggja vekt på munnlege strategiar i arbeid med tekstforståing på alle trinn. Dette er i tråd med forskning frå Lesesenteret.

Det er også forbettringspotensial innan motivasjon ut frå resultat på elevundersøkinga. Det er ei negativ utvikling på landsbasis i høve til elevane sin konsentrasjon, i tillegg til fysisk og psykisk helse. Tu skule har derfor inngått samarbeid med Jæren friluftsråd for meir læring i friluft. Forsking viser at læring ute kan styrka motivasjon, engasjement, samarbeid, sosial utvikling og trivsel.

Klassetrivselundersøkinga viser at det framleis er elevar som opplever plaging. Det viser seg ofte at plaginga startar med konflikthandlingar. Nokre elevar manglar gode strategiar for konflikthandtering. Det er derfor behov for konkrete verktøy og øving på strategiar for konflikthandtering. Dette arbeidet vil byggja på skulen sine reglar i PALS og modellar frå Oracy.

Satsinga for neste skuleår, blir derfor:

2026-2027: Oracy, lesing, konflikthandtering og læring i friluft

Tiltak	Aktivitet	Resultat	Verknad	Effekt	Mål
<i>Tiltak som skal bidra til å nå målet.</i>	<i>Kva aktivitetar gjer me for å oppnå ønska resultat?</i>	<i>Konkrete og målbare.</i>	<i>Fordelar som oppstår som følge av resultata.</i>	<i>Langsiktige endringar for skulen/elevane.</i>	<i>Kva er hovudmålet med tiltak?</i>
Elevane får opplæring og trening i å bruke strategiar i munnlege ferdigheiter, med vekt på samtalar om tekst og opplevingar.	Pedagogane brukar Klepp kommune sin plan for Oracy. Elevane trenar på å bruke fagomgrep og munnlege strategiar inne og ute. Elevane deltek i ulike samarbeidsoppgåver. Skulen arbeider etter Klepp kommune sin plan for felles forventningar til språk og samhandling. Det vert brukt setningsstartarar og samtalestrukturar for å styrkje munnleg aktivitet.	Elevane bidreg aktivt i munnleg dialog og viser betre evne til å reflektera over tekst. Elevane brukar meir variert og presist språk i faglege samtalar.	Elevane utviklar gode strategiar for leseforståing og munnleg kommunikasjon. Elevane vert tryggare i faglege samtalar og utviklar kritisk tenking.	Auka læringsutbytte i munnlege ferdigheiter.	Oracy Elevane skal bruke Oracy til å utvikle munnlege ferdigheiter ved å uttrykke egne tankar og delta aktivt i faglege samtalar.
Elevane får opplæring og erfaringar i naturen.	Tilsette deltek i opplæring frå Jæren friluftsråd. Elevane deltek i aktivitetar ute.	Elevundersøkinga viser auka motivasjon og trivsel. Elevrådet melder om auka trivsel og aktiv deltaking i undervisninga ute.	Elevane blir kjende med nærmiljøet og ser samanheng mellom teori og praksis i skulefaga. Elevane utviklar rørsleglede.	Elevane utviklarbetre helse, motivasjon, læring og konsentrasjon.	Naturen som læringsarena Elevane skal bruke naturen som læringsarena, utvikle samarbeid, utforskning og praktiske ferdigheiter.
Elevane får opplæring og trening i å bruke lesestrategiar med vekt på å forstå, tolke og reflektere over tekst i alle fag.	Pedagogane utarbeider plan for byrjaropplæringa i lesing. Pedagogane planlegg undervisning der elevane les relevante tekstar og brukar desse som grunnlag for munnlege aktivitetar i alle fag. Skulen prioriterer ressursar til innkjøp av lærebøker for 3. og 4. trinn. Elevane deltek i leseveker.	Betre resultat på nasjonale prøvar i lesing.	Elevane utviklar ferdigheiter i lesing som gir varig læring for livet.	Auka læringsutbytte i lesing.	Lesing Elevane skal bruke lesing som verktøy for læring, ved å forstå, tolke og reflektera over tekst.
Elevane får opplæring og trening i konflikt-handtering med respektfull dialog.	Det blir utarbeidd setningsstartarar for konflikt-handtering. Pedagogane planlegg undervisning der elevane trenar på bruk av setningsstartarane for konflikt-handtering.	Klassetrivsel viser gode venerelasjonar o færre som melder frå om plaging. Klassetrivsel viser auke av elevar som likar trinnet sitt. Elevundersøkingaviser lågare mobbetal og auka trivsel.	Elevane utviklar evna til å løyse konflikhtar gjennom dialog.	Trygt og godt skulemiljø for elevane.	Konflikt-handtering Elevane meistarar å uttrykke egne tankar og delta i fellesskapet på ein tydeleg og respektfull måte.